



GLIMRAH vil ha sin årlege Midtsumarskonsert i Helgheim søndag 16. juni kl. 19.

Alt er klart for Midtsumarskonsert med vokalensemblen GLIMRAH i dag i Helgheim kl. 19. Helgheim er pynta og koret er kledd i sommarkjolar og markblomar. GLIMRAH syng mellom anna folketonar og renessansemusikk. Gjester er Atle Fredheim og døtrene hans, Maia og Nanna Sofie og Fridar Malmsten Steinkopt. Les meir frå pressemeldinga:

Dei første gjestene er Atle Fredheim trio. Atle og døtrene hans, Maia 15 år og Nanna Sofie 17 år, vil by på ei variert avdeling med song og gitar. Dei er kjente namn i Kvinnherad og me gler oss stort til å høyra dei.

Vår andre gjest kjem frå Stord og heiter Fridar Malmsten Steinkopf. Fridar er 17 år og går fyrste året på idrettslinja på Stord vidaregåande skule. Han driv mykje med fotball, teater, nysirkus og spelar saksofon. I Helgheim skal han ha eit lysshow med sjonglering og poi. Dette vart spennende.

Me i Glimrah Vokalensemble har no sunge saman i 3 ½ år. Me syng eit variert repertoar, renessansetonar, folkemusikk, romantiske songar og samtidsmusikk. Til årets Midtsumarkonsert har me øvd inn mange nye songar som me gler oss til å framføra.

Det er kaffe og kaffemat inkludert i billetten og eit loddosal med fine gevinster. Som i fjor vil me pynta med markblomar og laga midtsumarstemning i vakre Helgheim.

Me gler oss stort. Hjarteleg velkomne.

Tekst: Pressemelding

Foto: GLIMRAH

Nett: Kristian Bringedal